**Universitetet i Bergen**
**Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)**

---

# Innkalling til møte
# Utval for undervisning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 26.11. 2012, kl. 13.15-15.00
Stad: rom 435, HF-bygget

Til: Hilde G. Corneliussen (undervisningsleder), Jørgen Sejersted, Ivar Utne, Elisabeth Bjugn, Knut Ove Arntzen, Erling Aadland, Helge Dyvik, Pär Sandin, Rolf Beev, Bente Kiilerich, Fredrik Longva, Brynhild Strømsnes, Elisabeth Dalby Pedersen, Gjert Vestrheim, Kari Jegerstedt.

Kopi: Siri Fredrikson, Johan Myking, studieadministrasjonen, studentrepresentantane i instituttrådet, instituttutvalget.

## Saksliste

**UUI-sak 39/12: Godkjenning av innkalling og saksliste.**

**Informasjonssaker:**

**UUI- sak 40/12:** Notatet "Kvalitet i utdanning", presentasjon ved visedekan Jan Oldervoll.

**UUI-sak 41/12:** Omlegging av BA-graden, presentasjon ved visedekan Jan Oldervoll.

**Orienteringssaker**

**UUI-sak 42/12:**
1. Referat fra forrige møte, vedlagt.
2. Eksamen høsten 2012.
3. Høring om rammeplaner for lærerutdanning. Dokumentasjon vedlagt.

**Vedtakssaker:**

**UUI-sak 43/12: Endringer i studieplanen for BA i retorikk**

**UUI-sak 44/12: Endringer i emneplanene på NORAN115 og NORAN117**

**UUI-sak 45/12: Studieplanendringar på masterprogrammet i norrøn filologi og emneplanendring på NOFI350**

**UUI-sak 46/12: Møtedatoer for våren 2013**

**UUI-sak 47/12: Eventuelt**

| **UUI-sak 40/12** | **Informasjonssak:**<br>Notatet "Kvalitet i utdanning", presentasjon ved visedekan Jan Oldervoll. |
|---|---|
| | |

Utdanningsutvalget ved UiB opprettet i 2011 en arbeidsgruppe som fikk i oppgave å belyse begrepet *kvalitet* i utdanningssammenheng. Formålet med arbeidet har vært å komme fram til en felles forståelse av hva som skal legges i benevnelsen "kvalitet i utdanningen" ved UiB. Notatet *Kvalitet i utdanning* ble ferdigstilt i august 2012: http://www.uib.no/studiekvalitet/kvalitetsutvikling/kvalitet-i-utdanning

Notatet ble lansert på arrangement for hele universitetet 16. oktober 2012.

Vi har invitert en av forfatterne, visedekan for utdanning, Jan Oldervoll, til å presentere innholdet i notatet for oss, med fokus på hvordan fagmiljøene konkret kan jobbe med kvalitet i utdanningen.

| **UUI-sak 41/12** | **Informasjonssak:**<br>**Omlegging av BA-graden ved Det humanistiske fakultet** |
|---|---|
| | |

UUI behandlet 10.09.12 høringssak om omlegging av BA-strukturen ved HF (UUI-sak 37/12).

BA-strukturen var tema på fakultetslederkonferansen ved HF i oktober og dekanatet forbereder nå saken for behandling i fakultetsstyret. Vi har invitert visedekan for utdanning, Jan Oldervoll, til å informere om hvordan prosessen nå vil bli videre i denne saken.

| **UUI-sak 42/12** | **Orienteringssak 1: Referat fra forrige møte, vedlagt.** |
|---|---|

| **Vedlegg** | Referat fra møtet 10.09.2012 |
|---|---|

Eget vedlegg til e-post.

| **UUI-sak 42/12** | **Orienteringssak 2: Eksamen høsten 2012** |
|---|---|
| **Vedlegg** | Informasjon om nye rutiner for utsending av eksamensbesvarelser til sensur, sendt til alle.lle@uib.no 14.11.2012 |

**Vedlegg: Informasjon om nye rutiner for utsending av eksamensbesvarelser til sensur, sendt til alle.lle@uib.no 14.11.2012**

Til alle,

Vedlagt ligger informasjon om nye rutiner for utsending av eksamensbesvarelser og masteroppgaver til sensur.

Endringene består i at

1) masteroppgaver distribueres til sensorene i første omgang i pdf-format, for så å ettersendes i trykt versjon. Årsaken til dette er at det er en viss forsinkelse i leveringstiden for å få trykket oppgavene etter at UiB flyttet trykkingen til Oslo.

2) studentene leverer nå hjemmeeksamener, mappe- og semesteroppgaver kun i elektronisk format på Mi side. Den videre utsendingen til sensorene skjer da også elektronisk.

Om dere har spørsmål, ta kontakt!

Mvh
Ranveig Lote
Studieleder, LLE
tlf: 82981

**Ny rutine for utsending av eksamensbesvarelser og masteroppgaver til sensur**

**Hjemmeeksamener, mappe- og semesteroppgaver**
Studentene leverer hjemmeeksamener, mappe- og semesteroppgaver elektronisk på Mi side.
I tillegg har vi frem til nå krevd at de også leverer besvarelsene i papirversjon. Dette har vi imidlertid ikke lenger anledning til, og fra høsten 2012 krever vi kun elektronisk versjon fra våre studenter. Begrunnelsen er at det er den elektroniske versjonen som er den gjeldende

og at det ikke er mulig å kvalitetssikre at papirversjonen som sendes til sensur faktisk er identisk med den elektroniske versjonen.

Ny rutine:
Både interne og eksterne sensorer får besvarelsene tilsendt på epost.

For ordens skyld: **Skoleeksamener** kommer på papir som før.

**Masteroppgaver**
Masteroppgaver har i flere år vært levert kun elektronisk, og her har UiB ansvar for å trykke oppgavene. Etter at UiBs innkjøpskontor inngikk avtale med AIT i Oslo om opptrykk av masteroppgaver har vi fått ca. åtte dagers forsinkelse i leveringen av trykte oppgaver.
Inntil videre vil vi håndtere dette på følgende måte:

Ny rutine:
MA-oppgaver blir sendt både interne og eksterne sensorer i pdf-format ved innlevering.
Det blir samtidig bestilt trykte eksemplar fra AIT.
Sensorene får disse ettersendt når de er klare.

| **UUI-sak 42/12** | **Orienteringssak 3: Høring om rammeplan for lærerutdanningen** |
|---|---|
| **Vedlegg** | Høringsuttalelse fra LLE. Eget vedlegg til epost. |

| **UUI-sak 43/12** | **Endringer i studieplanen for BA i retorikk** | |
|---|---|---|
| **Vedlegg 1** | Saksomtale fra programstyret i retorikk | |
| **Vedlegg 2** | Oppdatert studieplan for BA i retorikk, i tråd med endringene i kunsthistorie | |

**Bakgrunn i saken**
Kunsthistoriefaget gjorde et stort arbeid med omlegging av sine BA-studier våren 2012, og ny emnestruktur ble vedtatt i UUI 10.09.2012 (sak 31/12) og blir iverksatt fra vårsemesteret 2013.

Da kunsthistorie inngår som spesialiseringsfag og samarbeidsfag i BA i retorikk, får endringene konsekvenser for Retorikkprogrammet. I denne saken behandler vi konsekvenser av endringen i retorikk-/kunsthistorieemnet KUN117: Visuell retorikk. Endringen er todelt: emnet gjøres om til et 250-emne med bacheloroppgave og emnet flyttes fra høst til vår.

**Valgmuligheter for retorikkstudenter**
Programemnene i retorikkprogrammet kan enten være del av spesialiseringen eller det kan være et rent programemne. Nærmere forklart betyr dette at retorikkstudentene som tar spesialisering i kunsthistorie tar *Visuell retorikk* som et spesialiseringsemne, mens studenter på andre spesialiseringer kan ta emnet som et programemne. Retorikkstudentene skal til sammen ha minst fire programemner/retorikkemner.

**Konsekvenser for retorikkstudentene av endringen i *Visuell retorikk***
Endringene i *Visuell retorikk* medfører ifølge programstyrets notat at KUN258 heretter bare vil kunne tas av retorikkstudenter som har dobbel spesialisering i retorikk og kunsthistorie, eller retorikkstudenter som velger enkel spesialisering i retorikk (mulig fra høsten 2012-kullet). Studenter som tar doble spesialiseringer i retorikk og andre samarbeidsfag enn kunsthistorie vil ikke lenger kunne velge KUN258 som del av sin grad.

Tradisjonelt tar mellom 70 og 80 prosent av retorikkstudentene spesialisering i medievitenskap, og dette kan bety at *Visuell retorikk* nå blir utilgjengelig for en hoveddel av studentene i programmet. Fra høsten 2012 må studentene velge *enten* enkel spesialisering i retorikk *eller* dobbel spesialisering i retorikk og et av samarbeidsfagene. Da studentene først velger spesialiseringsfag i sitt tredje semester i programmet, blir det først høsten 2013 at studentene formaliserer valg av spesialiseringsfag. Det ville være en fordel for programmet og samarbeidsfagene å få en pekepinn på hva studentene vil velge før dette.

Undervisningsleder vil anbefale programstyret å undersøkes med studentene på 2012-kullet hvilken spesialisering de vil velge allerede i løpet av vårsemesteret 2013.

**Forslag til vedtak:**
UUI vedtar endringene i studieplanen for bachelorprogrammet i retorikk slik de foreligger i den vedlagte studieplanen. UUI anbefaler programstyret i retorikk å undersøke allerede nå hvilke(n) spesialisering(er) studentene på 2012-kullet vil velge.

## Vedlegg 1: Saksomtale fra programstyret i retorikk

### SAK til UUI- 26.november 2012
### Fra Programstyret i retorikk – endringer vedtatt i programstyret for BA-programmet i retorikk 29.10 2012.

Programstyret i kunsthistorie har vedtatt omfattende endringer av bachelorstudiet i kunsthistorie. Endringene vil gjelde fra vårsemesteret 2013.

Dette får også konsekvenser for studieplanen i retorikk.

**Endringer, kunsthistorie:**

KUN117 – visuell retorikk blir KUN258 – visuell retorikk med bacheloroppgåve.

KUN117 går om høsten, mens KUN258 vil gå om våren.

KUN112, KUN114, KUN116, KUN111 og KUN118 erstattes av fire obligatoriske emner på 100-nivået; KUN121, KUN122, KUN123 og KUN124.

**Konsekvenser for studieplanen i retorikk:**
Nåværende tekst i studieplanen for retorikk erstattes av ny tekst (se nedenfor).
KUN117 erstattes med KUN258 alle aktuelle steder i studieplanen.

KUN258 vil ha full overlapp med KUN117. Studentene har flere emner å velge mellom både vår og høst, slik at endringen av semester ikke er noe stort problem for studenter som allerede er i gang med spesialiseringen sin.
Ettersom den doble spesialiseringen ble innført for nye studenter som begynte studiene sine nå i høst, vil endringen av spesialisering 2 i kunsthistorie fra våren 2013 ikke ha noe å si, da de først begynner på spesialiseringen denne våren.

En negativ konsekvens er imidlertid at KUN258 som følge av skifte av semester fra høst til vår vil bli vanskelig å ta for studenter som velger dobbel spesialiseringer. Studieløpet deres har liten valgfrihet, og det er lagt opptil valg av emner på høsten. I realiteten vil ikke disse studentene kunne ta KUN258 på våren.
For studenter som velger en enkel spesialisering i retorikk vil KUN258 kunne tas på lik linje med alle andre RET-emner.

**Endringer vedtatt i programstyret for retorikk, 29.01.2012:**
Nåværende tekst:
*<u>Dobbel spesialisering i retorikk og kunsthistorie</u>*
*KUN117 tel med i begge spesialiseringane.*
*Spesialiseringa i retorikk skal innehalde: RET101, RET102 og to av desse emna: RET203, RET207, RET208, FIL112, i tillegg til KUN117 og KUN253. KUN253 kan erstattast med anna kunsthistorieemne med bacheloroppgåve.*
*Spesialiseringa i kunsthistorie skal innehalde KUN110, KUN117, KUN201 og KUN253, samt to av KUN112, KUN114, KUN116, KUN111 og KUN118. KUN253 kan erstattast med anna kunsthistorieemne med bacheloroppgåve.*

*Ny tekst:*
*<u>Dobbel spesialisering i retorikk og kunsthistorie</u>*

*KUN258 tel med i begge spesialiseringane.*

*Spesialiseringa i retorikk omfattar: RET101, RET102, KUN258, KUN201 og to av desse emna: RET203, RET207, RET208, FIL112.*

*Spesialiseringa i kunsthistorie omfattar KUN121, KUN122, KUN123 og KUN124, KUN201 og KUN258.*

**Vedlegg 2: Oppdatert studieplan for BA i retorikk, i tråd med endringene i kunsthistorie.**

Sist redigert 13.11.12. L.K.

| | |
|---|---|
| *Programnavn norsk* | Bachelorprogram i retorikk |
| *Undervisningsspråk* | Skandinavisk |
| *Mål og innhald* | Formålet med programmet er å gi studentane historisk, teoretisk, analytisk og kritisk kompetanse i retorikk, i tillegg til å medverke til å trene studentane si evne til praktisk kommunikasjon. Programmet er 3-årig (180 studiepoeng) og mål for utdanninga er at studentane får:<br><br>- innsikt i utviklinga av det retoriske fagfeltet frå antikken og fram til mediesamfunnet i dag<br>- innsikt i sentrale teoriar på feltet frå dei klassiske innføringane i kunsten å tale til aktuelle nyretoriske framstillingar, og dessutan retorikken i samfunn og media i vår tid<br>- kompetanse i retorisk analyse og evaluering av ulike tekstformer og sjangrar<br>- kompetanse i praktisk retorisk kommunikasjon og formidling<br><br>Studieprogrammet gir ei historisk og systematisk innføring i retorikken som generell kommunikasjons- og argumentasjonslære. Vi ser på retorikken i forhold til kulturelle, historiske og situasjonelle tilhøve, og drøftar retorikken sitt forhold til sjangrar, medium og formidlingsmåtar.<br><br>Vi går òg tett på retorikk som argumentasjon, estetikk og etikk. Som kommunikasjonslære har retorikken vakse fram frå praksis. Ein har observert kvifor somme lukkast og andre feilar. Derifrå har ein laga teoretiske retningslinjer for den gode og den effektive kommunikasjonen. Retorikkstudiet er framfor alt ei teoretisk universitetsutdanning, men utdanninga vidareførar forbrødringa mellom teori og praksis ved óg å la studentane arbeide med enkelte praktiske |

| | |
|---|---|
| | kommunikasjonsoppgåver der dei får trent opp si eiga formidlingskompetanse. |
| *Læringsutbyte* | Ein kandidat med bachelorgrad i retorikk skal kunne<br>• gjere greie for sentrale utviklingstrekk i retorikken si historie frå antikken og fram til våre dagar og demonstrere forståing for retorikken si kulturelle tyding.<br>• gjere greie for grunnleggjande aspekt ved retorisk kommunikasjon og den retoriske tradisjon i høve til antikk kultur, litteraturvitskap, kunsthistorie, nordisk, filosofi og medievitskap.<br>• reflektere over spørsmål i kommunikasjon som knyter seg til etikk og effektivitet, sanning og sannsynlegheit, fiksjon og fakta, uttrykk og innhald, estetikk, normer og verdiar.<br>• demonstrere forståing for produksjon og resepsjon av retorikk i skjønnlitteratur, sakprosa, kunst og media.<br>• forklare og bruke retoriske teoriar og omgrep om kommunikasjon og påverknad. Gjere greie for tydinga av ulike uttrykksformer (som tale, tekst, bilete, lyd og multimodale utrykk) og media for retorisk kommunikasjon.<br>• analysere verbale, visuelle og multimodale tekster for å avdekkje korleis dei appellerer retorisk.<br>• analysere kommunikasjonssituasjonane og vurdere dei retoriske responsane som er/vil vere mest passande.<br>• gjennomføre argumentasjonsanalysar<br>• gi råd og rettleiing om formålstenleg kommunikasjon.<br>• formidle klart, levande, korrekt og passande både munnleg og skriftleg. |
| *Opptakskrav* | Generell studiekompetanse eller realkompetanse. |
| *Innføringsemne* | Bachelorprogrammet i retorikk skal innehalde 30 studiepoeng innføringsemne (førstesemesterstudiet):<br><br>- EXPHIL-HFSEM eller EXPHIL-HFEKS – Examen philosophicum<br>- EXFAC00AS – Akademisk skriving<br>- EXFAC00SK – Språk og kommunikasjon eller<br>- EXFAC00TKSEM eller EXFAC00TKEKS – Tekst og kultur<br><br>Bachelorgraden kan ikkje innehalde meir enn 30 studiepoeng innføringsemne. |
| *Obligatoriske emne /* | *Bachelorprogrammet i retorikk er som hovudmodell bygd opp rundt ei spesialisering i retorikk og 60 valfrie studiepoeng.* |

| | |
|---|---|
| *spesialisering* | *Hovedkomponentane i graden med spesialisering i retorikk er som følgjer:*<br><br>*innføringsemne (30 stp)*<br>*spesialisering retorikk (90 stp)*<br>*valfrie emne (60 stp)*<br><br>*Alternativt kan dei studentane som ønskjer det velje ei dobbel spesialisering. Spesialisering 1 er då i retorikk, og spesialisering 2 kan studentane velje mellom filosofi, kunsthistorie, medievitskap, nordisk språk og litteratur, allmenn litteraturvitskap, gresk eller latin.*<br><br>*Strukturen ved ei dobbel spesialisering blir slik:*<br><br>*innføringsemne (30 stp)*<br>*spesialisering 1 retorikk (75 stp)*<br>*spesialisering 2 (75 stp)*<br><br>*Eit av retorikkemna (15 stp) tel med i begge spesialiseringane, slik at begge spesialiseringane reint formelt femner om 90 studiepoeng.*<br><br>Dersom spesialisering 2 er gresk eller latin blir strukturen litt annleis. For desse variantane vil spesialiseringa i retorikk innehalde 60 stp retorikkemne og 30 stp gresk-/latinemne. |
| *Rekkefølje for emne i studiet* | *Rekkjefølgja for emna i programmet kan vere noko ulik for den einskilde student, avhengig av om ein tar ei vanleg spesialisering i retorikk, eller ei dobbel spesialisering.*<br><br>*Med enkel spesialisering i retorikk vil ei mogleg rekkjefølgje vere som under. Retorikkemne og frie emne kan også takast parallellt i 4. og 5. semester, alt etter kva emne studenten vel og kva kombinasjonar som er praktisk mogleg.*<br><br>*1. semester: Ex.phil og Ex.fac.*<br>*2. semester: RET101 og RET102 (obligatoriske i retorikkspesialiseringa og -programmet)*<br>*3. semester: spesialiseringsfag i retorikk*<br>*4. og 5. semester: valfrie emne*<br>*6.semester: spesialiseringsfag i retorikk og BA-oppgåve*<br><br>*Med dobbel spesialisering i retorikk vil rekkjefølgja vere meir fastlagd:*<br><br>*1. semester: Ex.phil og Ex.fac.*<br>*2. semester: RET101 og RET102 (obligatoriske i retorikkspesialiseringa og -programmet)*<br>*3. semester: spesialiseringsfag 1 retorikk* |

| | |
|---|---|
| | *4. og 5. semester: spesialiseringsfag 2*<br>*6. semester: spesialiseringsfag og BA-oppgåve*<br><br>*I den følgjande teksten lister vi emna som er obligatoriske i dei ulike spesialiseringsvariantane.*<br><br>***Spesialisering i retorikk (enkel spesialisering)***<br><br>*Spesialiseringa i retorikk skal innehalde RET101, RET102 og fire av emna RET208, FIL112, KUN258, RET203 og RET207, RET256/RET206, RET255/RET205. Spesialiseringa må innehalde minst eitt emne med bacheloroppgåve (semesteroppgåve) og til saman må den omfatte 90 studiepoeng.*<br><br>***Variantane med dobbel spesialisering:***<br><br>*Dobbel spesialisering i retorikk og litteraturvitskap*<br>*RET256 tel med i begge spesialiseringane.*<br>*Spesialiseringa i retorikk skal innehalde RET101, RET102, og to av emna RET208, FIL112, KUN258, RET203 og RET207. I tillegg kjem RET256 og ALLV202.*<br>*Spesialiseringa i litteraturvitskap skal innehalde ALLV101, ALLV102, ALLV103, ALLV104, ALLV256 og ALLV202.*<br>*ALLV202 kan bytast ut med andre ALLV-emne på 200-nivå.*<br><br>*Dobbel spesialisering i retorikk og kunsthistorie*<br>*KUN258 tel med i begge spesialiseringane.*<br>*Spesialiseringa i retorikk omfattar: RET101, RET102, KUN258, KUN201 og to av desse emna: RET203, RET207, RET208, FIL112.*<br>*Spesialiseringa i kunsthistorie omfattar KUN121, KUN122, KUN123 og KUN124, KUN201 og KUN258.*<br><br>*Dobbel spesialisering i retorikk og medievitskap*<br>*Spesialiseringa i retorikk skal innehalde RET101, RET102, eitt av emna RET203 og RET207, eitt av emna RET208, FIL112 og KUN258. I tillegg MEVI200 og eit valfritt emne på 200-nivå i medievitskap.*<br>*Spesialiseringa i medievitskap skal innehalde MEVI101, MEVI102, MEVI103, MEVI104 og MEVI200, samt eit valfritt emne på 200-nivå medievitskap.*<br><br>*Dobbel spesialisering i retorikk og nordisk*<br>*RET255 inngår i begge spesialiseringane.* |

| | |
|---|---|
| | *Spesialiseringa i retorikk skal innehalde: RET101, RET102 og to av emna RET203, RET207, KUN258, FIL112 og RET208. I tillegg inngår RET255 og NOLI212. NOLI212 kan erstattast av anna 200-emne på nordisk.*<br>*Spesialiseringa i nordisk skal innehalde NOSP102, NOLI102, NOSP103, NOLI103, RET255 og NOLI212. NOLI212 kan erstattast av eit anna 200-emne på nordisk.*<br><br>*<u>Dobbel spesialisering i retorikk og filosofi</u>*<br>*RET208 inngår i begge spesialiseringane.*<br>*Spesialiseringa i retorikk skal innehalde: RET101, RET102 og to av desse emna: RET203, RET207, KUN258, i tillegg til RET208 og FIL250.*<br>*Spesialiseringa i filosofi skal innehalde: FIL111, FIL112, FIL103, RET208, FIL250 samt anten FIL211, FIL212, FIL213, FIL214, FIL222B, FIL225, FIL226 eller FIL227.*<br><br>*<u>Dobbel spesialisering i retorikk og gresk</u>*<br>*Spesialiseringa i retorikk skal innehalde RET101, RET102, to av emna RET203, RET207, KUN258, FIL112 eller RET208. I tillegg inngår GRE202 og GRE251.*<br>*Spesialiseringa i gresk skal innehalde GRE101, GRE102, GRE103, GRE104, GRE251, GRE202.*<br><br>*<u>Dobbel spesialisering i retorikk og latin</u>*<br>*Spesialiseringa i retorikk skal innehalde RET101, RET102, to av emna RET203, RET207, KUN258, FIL112 eller RET208. I tillegg inngår LAT202 og LAT251.*<br>*Spesialiseringa i gresk skal innehalde LAT101, LAT102, LAT104, LAT105, LAT251, LAT202.* |
| *Delstudium i utlandet* | Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtalar, både i og utanfor Europa. Når det gjeld bachelorprogrammet i retorikk, vel vi i tillegg ut særskilde samarbeidsuniversitet for å finne det fagtilbodet som passar best for deg, til dømes retorikkstudiet i København. På den måten får du tilbod om eit tilrettelagt utanlandsopphald som blir integrert i graden.<br><br>*Ved ei dobbel spesialisering er gunstigste semester for delstudium i utlandet tredje semester og eventuelt sjette semester, litt avhengig av kva som er spesialiseringsfag 2. Utanlandsopphaldet må planleggjast i samråd med studierettleiar.* |
| *Undervisningsmetod* | Undervisninga på retorikkprogrammet femner om |

| | |
|---|---|
| *ar* | førelesingar, seminargruppearbeid, rettleiing av semesteroppgåver, og dessutan tilbakemelding på studentane sine eigne skriftlege og munnlege presentasjonar. |
| *Vurderingsformer* | For å teste at dei forventa læringsresultata er oppnådde blir det i retorikkprogrammet nytta ei rekkje ulike vurderingsformer: Flervalsoppgåver prøver grunnleggjande faktakunnskapar. Semesteroppgåve og heimeeksamen prøver evna til sjølvstendig kritisk refleksjon, analyse og argumentasjon samt skriftleg framstilling. Munnlege presentasjonar prøver evna til munnleg framstilling. Skuleeksamen prøver evna til umiddelbar anvending av kunnskap til sjølvstendig tenkjing. |
| *Karakterskala* | I løpet av studiet vil det bli nytta nasjonal karakterskala (A-F). Nokre emne kan nytta karakterssysteme bestått/ikkje-bestått. |
| *Kompetanse for vidare studium* | *Spesialiseringa i eit fag er, i tillegg til godkjend bachelorgrad, grunnlaget for å søkje opptak til eit masterstudium i det aktuelle faget. Universitetet i Bergen tilbyr per i dag ikkje mastergrad i retorikk. Studentar som har ei spesialisering i retorikk kan søkje opptak til ein mastergrad ved andre lærestader, til dømes ved Universitetet i Oslo eller Universitetet i København.*<br><br>*Studenter som har ei dobbel spesialisering kan også søkje opptak til mastergrad i spesialiseringsfag 2 ved UiB.* |
| *Yrkesvegar* | Bachelorprogrammet i retorikk gir både genrelle allmennkunnskapar som kan nyttast i ei rekkje yrkesmessige samanhengar og spesialkunnskap innan formidling og kommunikasjon. Studiet gir allmenn kompetanse i å analysere, evaluere og produsere føremålstenleg kommunikasjon. Dette er kunnskap og kompetanse som er nyttig innan informasjons- og kommunikasjonsarbeid, undervisning, reklame, journalistikk og ei rekkje former for skribent- og tekstarbeid. Ved påbyggjing til mastergrad får studenten kvalifikasjonar for forsking, formidling og undervisning på høgare nivå. |
| *Evaluering* | Programmet blir kontinuerleg evaluert av programsensor, i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Evaluering av enkeltemne som inngår i kursdelen, er omtala i emneplanane. |
| *Programansvarleg* | Programstyret for retorikkprogrammet har ansvar for fagleg innhald, oppbyggjing av studiet og kvaliteten på studieprogrammet.<br>Programstyret er sett saman av representantar for samarbeidsfaga ved UiB: klassiske fag, filosofi, nordisk, |

| | |
|---|---|
| | litteraturvitskap, kunsthistorie og medievitskap.<br><br>Programansvarlig/leder av programstyret: Jens E. Kjeldsen (Institutt for Informasjons- og medievitskap). Kontakt: jens.kjeldsen@infomedia.uib.no |
| *Administrativt ansvarleg* | Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. E-post: studierettleiar@lle.uib.no |

| **UUI-sak 44/12** | **Endringer i emneplanene på NORAN115 og NORAN117** | |
|---|---|---|
| | | |
| **Vedlegg 1** | Saksomtale fra programstyremøtet for nordisk | |
| **Vedlegg 2** | Referat og vedtak fra programstyremøtet for nordisk | |
| **Vedlegg 3** | Emneplaner for NORAN115 og NORAN117 | |

**Bakgrunn i saken**
Programstyret for nordisk har behandlet sak med endringsforslag i emneplanene for NORAN115 og NORAN117.

For NORAN117 gjelder endringen justering av emneplanens beskrivelse av omfang og pensum til emnets reelle/faktiske omfang. Emneplanen har ifølge fagmiljøet hatt et for omfattende innhold og dette har ikke vært i tråd med emnets faktiske omfang.
For NORAN115 gjelder endringen krav om begge målformer i mappeoppgavene. (NORAN101-F og NORAN104-F som det vises til i fagkoordinators e-post er fjernundervisningsemner).

**Undervisningsleders merknader:**

Undervisningen på NORAN117 (5 stp) er halvparten av undervisningen på NORAN115 (15 stp).
Undervisningsleder merker seg at undervisningsmengden på NORAN117 er stor i forhold til emnets størrelse, og oppfordrer fagmiljøet til å vurdere omfanget på emnene.

Emneplanen bør antyde hva som normalt er undervisningsomfanget og hvordan undervisningen er organsiert, men unngå å fastslå nøyaktig timetall for undervisningsmengde. Undervisningsleder foreslår å slette setningen «Samla undervisningsmengd: 52 timar førelesningar og 26 timar kollokvium per student.» fra emneplanen på NORAN115 og NORAN117.

**Forslag til vedtak**:
UUI vedtar de foreslåtte endringenen i NORAN115 og NORAN117 med virkning fra høsten 2013, i tråd med forslaget fra programstyret for nordisk.

**Vedlegg 1: Saksomtale fra programstyremøtet for nordisk**

----------------------------------
From: Ingvild Nistov [mailto:Ingvild.Nistov@lle.uib.no]
Sent: Tuesday, November 06, 2012 11:32 AM
To: Silje Grønner Stang
Subject: Endring-NORAN 117

Vedr endring NORAN 117

Viser til sak 8/12 (Diskusjonssak) på programstyremøtet i mai 2012.
Foreslår endringar i formuleringar i emneplan for NORAN 117.
Begrunnelse: Det innhaldet som er skissert i planen slik han no er, er for omfattande for 5 studiepoeng. Endringsforslaget er meir i tråd med det pensumet som i praksis har vore i bruk.
Altså kan endringsforslaget gjerne sortera under "Tilpasning til praksis".

Ingvild Nistov

--------------------------------------
**From:** Ingvild Nistov [mailto:ingvild.nistov@lle.uib.no]
**Sent:** Tuesday, November 06, 2012 7:40 PM
**To:** Silje Grønner Stang
**Subject:** Endring - NORAN 115

Viser til sak 8/12 (Diskusjonssak) på programstyremøtet i mai 2012.
Foreslår endringar i formuleringar i emneplan for NORAN 115.

Det dreier seg her stort sett om kategorein "redaksjonelle endringar".

Ei endring i annan kategori: Innføra krav til at ei av mappeoppgåvene må skrivast på sidemål (slik ordninga er for NORAN 101 og NORAN 104).

Begrunnelse: Dei som tek NORAN 101-F og NORAN 104-F (Prisme) og som ønskjer å gå vidare, har ikkje noko punkt på 100-nivå der dei blir prøvd i sidemål, i og med at det ikkje er krav om sidemål i NORAN 101-F og NORAN 104-F.

Ingvild Nistov

## Vedlegg 2: Referat og vedtak fra programstyremøtet for nordisk

**Sak 19/12: Emneplanendringar i norsk som andrespråk, NORAN115 og NORAN117**

Fagkoordinator for norsk som andrespråk, Ingvild Nistov, gjorde greie for endringane i emneplanane for NORAN115 og NORAN117.

I NORAN115 vart det peika på at følgjande setning under «Undervisning og omfang» kan takast ut av emneplanen fordi informasjonen er dublert:

«Samla undervisningsmengd: 52 timar førelesingar og 26 timar kollokvium per student.»

I emneplanen for NORAN117 (5 studiepoeng) står det at omfanget av pensum er ca. 500 sider av normal vanskegrad. Det blei diskutert i programstyret om dette er for omfattande. Om det ligg føringar på omfang av pensum i nasjonalt fagråd eller andre stader, kan omfanget av pensum bli justert om nødvendig.

**Vedtak:**

Programstyret for nordisk bed UUI vedta endringane i emneplanane for NORAN115 og NORAN117. I emneplanen for NORAN115 skal informasjon om samla undervisningsmengd under «Undervisning og omfang» slettast i emneplanen. Vidare må omfang av pensum på NORAN117 om nødvendig tilpassast overordna normer.

Endringane i emneplanane blir gjort gjeldande frå og med hausten 2013.

**Vedlegg 3: Emneplaner for NORAN115 og NORAN117**

| Kategoriar | |
|---|---|
| Emnekode | NORAN115 |
| Emnenamn, nynorsk | Litteratur og tekst i eit andrespråksperspektiv |
| Emnenamn, engelsk | Literature and text in a second language perspective |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Haustsemesteret |
| Undervisningsspråk | Norsk. Dansk og svensk kan òg verte brukte. |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen. |
| Mål og innhald | Emnet har som tema litteratur og litteraturdidaktikk og tekstlingvistikk og pragmatikk i eit andrespråksperspektiv. Emnet fell såleis naturleg i to delar, ein språkleg og ein litterær del, men det er |

| | |
|---|---|
| | viktige sambandsliner mellom dei to delane.<br><br>Medan emna NORAN101(-F), og 104(-F) hovudsakleg er fokusert på grammatiske, leksikalske og fonologiske tilhøve og innlæringa av desse mikronivåa i språket, skal ein i NORAN115 utvide den språklege og språkdidaktiske horisonten til større språklege einingar som har med tekst og litteratur å gjere.<br>Slik innsikt er for det første naudsynt fordi tekstnivået representerer eit konvensjonsstyrt makrosystem som er uavhengig av, men har sterke sambandsliner til, mikronivåa og er ein viktig del av den overordna totale språklege kompetansen. Ettersom både munnleg og skriftleg språkbruk må forståast som del av ein språkleg og utanomspråkleg kontekst, vil studenten få ei innføring i tekstlingvistikk og pragmatikk relatert til både talespråk og skriftspråk. Innføringa skal ha ei viss teoretisk breidd, og stoffet skal setjast inn i ein andrespråksdidaktisk samanheng.<br><br>Den andre halvdelen av emnet er litterær. Den litteraturen som er formidla på andrespråket, er ein uvurderleg innfallsport til forståing av den kulturelle referanseramma for språket. Samstundes er litteraturen eit didaktisk verkemiddel i språkundervisninga. Men litteraturen har også ein eigenverdi, i andrespråkssamanhengen. Den litterære delen gjev difor ei innføring i litteratur og litteraturdidaktikk ut frå dei spesielle føresetnader og utfordringar som undervisning i norsk som andrespråk har.<br><br>Dei litterære tekstane på pensum skal for det første representere eit tverrsnitt av sentrale tekstar frå norsk litteraturhistorie. For det andre skal pensumet innehalde verk som handlar om emne som migrasjon, kulturmøte og liv i fleirspråklege og fleirkulturelle miljø.<br><br><br>Tekstane skal representere spreiing på litterære genrar. Også verk av forfattarar med minoritetsspråkleg bakgrunn skal vera representerte. Hovudtyngda av tekstane skal vere opphavleg norskspråklege. I tilknyting til dei litterære tekstane legg studentane opp eit teoripensum som set tekstane inn i ein litteraturhistorisk, litteraturteoretisk og litteraturdidaktisk samanheng. Teoretiske perspektiv som set tekstane i eit kontrastivt og tverrkulturelt lys, vert vektlagde og generell litteraturdidaktikk for |

| | |
|---|---|
| | minoritetsspråklege skal også vere representert.<br><br>Litteraturdidaktikk for minoritetsspråklege i grunnskulen og den vidaregåande skulen dannar elles både den teoretiske og den praktiske hovudinnfallsvinkelen til utvalet og studiet av tekstane. |
| Læringsutbytte | Etter å ha fullført studiet skal studenten, som praktiserande andrespråkslærar vere i stand til å vurdere tekstlege, litterære og kulturelle tilhøve relatert til den språkkunnskapen elevane skal tileigne seg. Slike vurderingar dannar grunnlaget for kunnskapsbaserte pedagogiske avgjerder. |
| Krav til forkunnskapar | Ingen. |
| Tilrådde forkunnskapar | NORAN101(-F), NORAN104 (-F) |
| Undervisning og omfang | Undervisningstype og -mengd:<br>Førelesingar 4 timar i veka i om lag 13 veker.<br>Studentkollokvium med sporadisk lærartilsyn: om lag 2 timar i veka<br>Samla undervisningsmengd: 52 timar førelesingar og 26 timar kollokvium per student.<br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi side. På emne der dette kan verta aktuelt vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Det er obligatorisk å levere utkast til mappeoppgåvene og å motta rettleiing på dei. Instituttet gjev nærare retningslinjer.<br><br>Obligatorisk aktivitet er gyldig i undervisningssemesteret og semesteret etter. |
| Vurderingsformer<br><br>(dvs. Eksamen) | Eksamen er ei skriftleg prøve på fire timar og ei mappe med to oppgåver, ei språkleg og ei litterær. Den skriftlege prøva tel 60 % og mappa 40 % av den samla karakteren.<br><br>Ein må stå på alle delane for å stå på heile eksamen.. Både den skriftlege prøva til eksamen og mappeoppgåvene skal skrivast på norsk. Éi mappeoppgåve skal skrivast på bokmål og éi på nynorsk. På den skriftlege prøva vel studenten målform sjølv. |

| | |
|---|---|
| | Det vert arrangert eksamen tidleg i det undervisningsfrie semesteret. Kandidatar som stod på berre den skriftlege prøva eller mappa, kan ta eksamen i den andre delen. I mappa inngår oppgåvene frå undervisningssemesteret; kandidaten har høve til å forbetre dei, men kan ikkje få rettleiing. |
| Karakterskala | Det vert nytta bokstavkarakterar frå A til F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Pensumet er på ca. 1000 sider av normal vanskegrad og vert fastsett av instituttet. |
| Undervisningsstad | Bergen. |
| Emneevaluering | Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem. |
| Kontaktinformasjon | Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium<br>E-post: studierettleiar@lle.uib.no |
| | |

| Kategoriar | |
|---|---|
| Emnekode | NORAN117 |
| Emnenamn, nynorsk | Sosiolingvistikk og tospråklegheit |
| Emnenamn, engelsk | Sociolinguistics of bilingualism |
| Studiepoeng | 5 |
| Undervisningssemester | Haustsemesteret |
| Undervisningsspråk | Norsk. Dansk og svensk kan òg verte brukte. |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen. |
| Mål og innhald | Emnet tek opp tospråklegheit i Noreg og Norden frå eit sosiolingvistisk perspektiv, der tospråklegheitsfenomen både på individ og samfunnsnivå inngår.<br><br>Studenten får ei viss innsikt i den språklege variasjonen som finst i Noreg i dag, og ei forståing av den historiske bakgrunnen for han,<br><br>Men hovudfokuset for emnet er det moderne Noreg |

| | |
|---|---|
| | som eit fleirspråkleg samfunn, tilhøvet mellom den språklege majoriteten og språklege minoritetar i Noreg, og dessutan noko om norsk i kontakt med andre språk og framveksten av kontaktvarietetar |
| Læringsutbyte/resultat | Etter å ha fullført emnet skal studenten kunne utøve profesjonen sin som språklærar ut frå ei kunnskapsbasert sosiolingvistisk referanseramme. Som språklærar skal han kunne sjå dei sosiolingvistiske perspektiva i elevane sin sosiale og kulturelle situasjon, både som rammevilkår for norsklæringa deira, og som grunnlag for og forståing av eigne observasjonar av måten elevane brukar det norske andrespråket sitt på, |
| Krav til forkunnskapar | Ingen. |
| Tilrådde forkunnskapar | NORAN101, NORAN104 |
| Undervisning og omfang | Undervisningstype og -mengd:<br>Førelesingar, om lag 26 timar.<br>Studentkollokvium, om lag 13 timar, med sporadisk lærartilsyn<br><br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi side. På emne der dette kan verta aktuelt vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Ingen. |
| Vurderingsformer<br>(dvs. Eksamen) | Eksamen er ei munnleg prøve.<br><br>Det vert arrangert eksamen tidleg i det undervisningsfrie semesteret. |
| Karakterskala | Det vert nytta bokstavkarakterar frå A til F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Pensumet er på ca. 500 sider av normal vanskegrad og vert fastsett av instituttet. |
| Undervisningsstad | Bergen. |
| Emneevaluering | Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem. |
| Kontaktinformasjon | Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium |

| | |
|---|---|
| | E-post: studierettleiar@lle.uib.no |
| | |

| UUI-sak 45/12 | **Studieplanendringar på masterprogrammet i norrøn filologi og emneplanendring på NOFI350** | |
|---|---|---|
| **Vedlegg 1** | Utdrag fra saksomtale til programstyre i nordisk 30. mai | |
| **Vedlegg 2** | Saksomtale frå programstyremøtet i nordisk | |
| **Vedlegg 3** | Referat og vedtak i saken frå programstyremøtet i nordisk | |
| **Vedlegg 4** | Notat: «Omlegging av studieplanen for master i norrøn filologi» | |
| **Vedlegg 5** | Studieplan for MAHF-NOFI | |
| **Vedlegg 6** | Emneplan for NOFI350 | |

**Bakgrunn i saken**
UUI behandlet i møte 11.06.12, sak 24/12, endringer i emnetilbudet på nordisk masternivå. Dubleringen av NOLISP300 Prosjektførebuande emne, ble vedtatt avviklet. Nordiskstudentene tar prosjektemnet i sitt andre semester av mastergraden.

Som følge av dette var det behov for tilpasninger i mastergraden i norrønt, der NOLISP300 også har inngått. I programstyret i nordisk 30.05. ble det foreslått en modell som man anbefalte norrøntmiljøet å arbeide videre med. Imidlertid ble en ny modell lagt frem for programstyret på nordisk den 12.11.12, og sendt videre til behandling i UUI. Modellen har etter undervisningsleders syn problematiske sider:

- Modellen legger opp til at studentene diskuterer masteroppgave med veileder allerede før opptak. Dette er uheldig og gjør blant annet inngangen til studiet vanskelig for eksterne og internasjonale søkere og søkere som ikke går direkte fra bachelorløp i norrønt til masterløp i norrønt.
- Det er uheldig at studentene jobber deltid med masteroppgaven fra første til fjerde semester, og ikke samlet i de to siste semestrene av graden.
- Modellen åpner for at studentene kan skrive ferdig sin masteroppgave og avlegge avsluttende muntlig eksamen, uten å ha blitt ferdig med kursdelen i graden.

- Det er også uheldig at studentene i den foreslåtte modellen ikke får uttelling for arbeidet med prosjektforberedelsene som de øvrige nordiskstudentene får, gjennom NOLISP300.

Den foreslåtte studieplanen inneholder også et emne NOFI303: Prøveforelesning (15 stp), som delvis overlapper med masteroppgaven. Emnet har ikke undervisning, og innholdet i emnet består i at studenten setter opp en pensumliste og utarbeider en prøveforelesning i løpet av to uker. Dette emnet er problematisk fordi det er vanskelig å se at det kan tilsvare et halvt semesters arbeid (= 400 timer), slik det skal for å utgjøre 15 stp.

Undervisningsledelsen anbefaler:
Normen ved HF er at studentene tar to kurs i første semester og to kurs i andre og at det dermed er rom for at studenten kan arbeide på fulltid med masteroppgaven i de to siste semestrene, samt at alle emner i kursdelen er avlagt før innlevering av masteroppgaven. Det oppfordres til at denne normen følges.

Undervisningsleder oppfordrer til at det lages en studieplan som gjør det mulig at problemstillingen eller prosjektet kan godkjennes eller i det minste være planlagt før NOFI350 tar til, slik at ikke norrøntstudentene møter andre betingelser i sin oppgaveskriving enn LLE sine masterstudenter for øvrig.

I tillegg anbefales det at NOFI303 legges inn i første eller andre semester av graden, omarbeides slik at det ikke overlapper med masteroppgaven, og utvikles slik at det tydelig utgjør et arbeid tilsvarende 15 stp/400 arbeidstimer for studenten.

**Forslag til vedtak:**
UUI tar undervisningsleders anbefalinger til etterretning og ber programstyret i nordisk vurdere saken på nytt. Saken kan behandles i første UUI-møte våren 2013 og ny struktur kan da likevel iverksettes fra høsten 2013.

**Vedlegg 1:**
**Utdrag fra saksomtale til programstyre i nordisk 30. mai**

*Masterprogram i norrøn filologi*
Her oppstår det problem når ein avskaffar NOLISP300 om hausten. Dei fleste studentar begynner om hausten og har då tilrådd normalprogresjon som i den første tabellen nedanfor.
Når NOLISP300 berre skal gå om våren, får programmet for lite innhald i 1. semester og for mykje i 3. semester.

Programstyreleiaren har drøfta problemet med styrerepresentanten frå NOFI og føreslått at ein definerer eitt eller fleire NOSP- og NOLI-emne som programemne på norrøn master, med opning for at norrønstudentane legg opp delvis individuelle pensum med ei sterkare norrøn eller språk-/litteraturhistorisk innretning enn den studentane på nordisk får. Dette er motteke positivt, og difor er det lagt til rette for ei slik tilpassing av NOSP324 Grammatikk og semantikk i den reviderte emneplanen. Det er ønskjeleg om ein får ei liknande ordning med eit NOLI300-nivåemne.

Programstyreleiaren skisserer på dette grunnlaget strukturen i den andre tabellen nedanfor for ein revidert studieplan. Her er prøveførelesinga teken ut; dette er ikkje drøfta med NOFI-representanten i styret.

Revidert studieplan bør vedtakast i løpet av hausten 2012.

| | | |
|---|---|---|
| 1. semester (haust) | NOFI302 Spesialisert emne i norrøn filologi | NOLISP300 Prosjektførebuande emne |
| 2. semester (vår) | NOFI304 Spesialisert emne i norrøn filologi | NOFI350 Masteroppgåve (1/4) |
| 3. semester (haust) | NOFI350 Masteroppgåve (2/4) | |
| 4. semester (vår) | NOFI350 Masteroppgåve (1/4) | NOFI303 Prøveførelesing |

Gjeldande struktur på master i norrøn filologi

| | | |
|---|---|---|
| 1. semester (haust) | NOFI302 Spesialisert emne i norrøn filologi | NOSP324 Grammatikk og semantikk eller NOLI3xx (eit litterært emne) |
| 2. semester (vår) | NOFI304 Spesialisert emne i norrøn filologi | NOLISP300 Prosjektførebuande emne |
| 3. semester (haust) | NOFI350 Masteroppgåve | |
| 4. semester (vår) | | |

Mogleg framtidig struktur på master i norrøn filologi

**Vedlegg 2: Saksomtale frå programstyremøtet i nordisk 12.11.**

UUI ved LLE vedtok i sak 24/12: Studie- og emneplanendringar NOLISP300 og NOSP200- og 300-nivå å avvikle dublert undervisning i NOLISP300 Prosjektførebuande emne. Emnet skal frå og med våren 2013 berre undervisast i vårsemesteret. NOLISP300 inngår i mastergraden i norrøn filologi og vedtaket får såleis konsekvensar for studieplenen for masterprogrammet og emneplanen for NOFI350.

Odd Einar Haugen og fagkoordinator for nordisk språk og nordisk litteratur har drøfta saka. Sjå e-post frå Haugen under.

Studieplanen for masterprogrammet er endra i tråd med skissa under. Omtale av NOLISP300 i emneplanen for NOFI350 er i tillegg sletta.

-----Original Message-----
From: Odd Einar Haugen [mailto:odd.haugen@lle.uib.no]
Sent: Friday, October 05, 2012 5:13 PM
To: Ivar Utne; Jørgen Magnus Sejersted
Cc: Silje Grønner Stang
Subject: Kort oppsummering av møte om NOFI masterplan

Kollegaer!

Ivar, Jørgen og eg hadde nyleg eit møte om denne saka, og eg la då fram ei skisse med desse hovudpunkta:

- NOLISP 300 går ut av planen for NOFI master. Då kan ein halde fram med å ta opp studentar kvart semester, utan å tenkje på om det passar med NOLISP.

- Masteroppgåva blir lagt inn med eit halvt semester over alle dei fire semestera, dvs. 15 x 4 = 60 stp. Planen må då presisere at arbeidet med masteroppgåva skal ta til frå dag 1, og at det er ein fordel at den som søkjer opptak på NOFI master har gjort seg tankar om emnet for oppgåva, og har diskutert dette med mogleg rettleiar.

- NOFI 302 og NOFI 304 kjem inn i 1., 2. eller 3. semester, og NOFI 303 (prøveførelesinga) i det siste semesteret.

- Eit fritt valt kurs på 15 stp., gjerne eit NOSP- eller NOLI-kurs kjem inn som det siste av dei fire 15-poengsemna i kursdelen; kurset må ha relevans for oppgåva, og må avtalast med faglærar/rettleiar.

- Om ønskeleg kan ein student ta to kurs i det første semsteret, slik at det blir meir plass til masteroppgåva seinare.

Om det er semje om desse endringane, kan vi nokså lett utarbeide ein ny tekst. Men vi bør truleg ta prinsippdiskusjonen først i eit litt større forum enn sofakroken.

MVH Odd Einar

**Framlegg til vedtak:**
Programstyret for nordisk bed UUI vedta endringane i studieplanen for masterprogrammet i norrøn filologi og endringane i emneplanen for NOFI350. Endringane i emne- og studieplan blir gjort gjeldande frå og med hausten 2013.

## Vedlegg 3: Referat og vedtak i saken frå programstyremøtet i nordisk 12.11.

## Sak 17/12: Studieplanendringar på masterprogrammet i norrøn filologi (MAHF-NOFI) og emneplanendring på NOFI350

Bakgrunn for dei foreslåtte studieplanendringane på MAHF-NOFI er at prosjektførebuande emne, NOLISP300, berre skal gå i vårsemesteret frå og med hausten 2013. NOLISP300 inngår i noverande studieplan for MAHF-NOFI. Fagleg ansvarleg for norrøn filologi, Odd Einar Haugen, ønskjer å ta NOLISP300 ut av masterprogrammet frå og med hausten 2013. NOLI320 eller NOSP320 (eller tilsvarande emne etter søknad) kjem inn som nye valemne i kursdelen i forslag til ny studieplan.

Haugen orienterte om bakgrunnen for forslag til ny studieplan for MAHF-NOFI. Mastergraden i norrøn filologi er i stor grad eit forskingsretta studium. Haugen ønskjer difor å halde på ordninga med prøveforelesing (NOFI303, 15 studiepoeng) i det siste semesteret av mastergraden. Haugen meiner vidare at studentane har større faglig utbyte av at dei resterande 45 studiepoenga i kursdelen vert sett saman av reine fagemne. Av den grunn bør prosjektførebuande emne, NOLISP300, takast ut av programmet.  Fagmiljøet ønskjer eit sterkast mogeleg fagleg fokus i kursdelen på masterprogrammet.

Haugen skal skrive eit notat som skal leggjast fram for UUI, der valet om å ta NOLISP300 ut av studieplanen for master i norrøn filologi blir gjort greie for.

Programstyret hadde ingen innvendingar mot forslaget til ny studieplan for MAHF-NOFI. Det vart understreka at ein burde vise fleksibilitet når det gjeld i ulike løysingar for masterprogramma, i tråd med vurderingane frå det aktuelle fagmiljø. Vidare vart det peika på at emnet NOLISP300 ikkje alltid fungerer optimalt for studentar på masterprogrammet i norrøn filologi.

Endringane i emneplanen for NOFI350 er reint redaksjonelle, som følgje av at NOLISP300 i forslaget går ut av masterstudiet i norrøn filologi.

> **Vedtak:**
> Programstyret for nordisk bed UUI vedta endringane i studieplanen for masterprogrammet i norrøn filologi og endringane i emneplanen for NOFI350. Endringane i emne- og studieplan blir gjort gjeldande frå og med hausten 2013.

**Vedlegg 4: Notat: «Omlegging av studieplanen for master i norrøn filologi»**
Se eget vedlegg.

**Vedlegg 5: Studieplan for MAHF-NOFI**
SGS/OEH november 2012. Endringar markert i rødt.
Gjeldande f.o.m. hausten 2013

| **Overskrift/Ledetekst** | **Innhold** |
|---|---|
| Navn på studieprogrammet<br>- bokmål<br>- nynorsk | Masterprogram i norrøn filologi |
| **Name of the Programme of Study** - engelsk | Master's Programme in Old Norse Studies |
| Programmets omfang | Studiet er normert til to år, 120 studiepoeng |
| Mål og innhold<br><br>**Aim and Content** | Mastergraden i norrøn filologi er eit forskingsretta studium med høve til konsentrasjon kring språklege, litterære eller kulturhistoriske emne. Studiet skal kvalifisere kandidatane til forsking, undervisning og formidling i norrøn filologi og tilstøytande emne. Dei skal setje seg inn i vitskapleg teori og metode og i historia til faget, og dei skal utvikle ei sjølvstendig og kritisk haldning til kjeldemateriale og vitskaplege framstillingar.<br><br>Masterprogrammet i norrøn filologi skil seg ut ved stor breidde i forskingsemna og individuell tilpassing av studiet i samråd med rettleiar. Fordi det er eit lite fag, vil det ha større innslag |

| | | |
|---|---|---|
| | av sjølvstudium enn store fag. | |
| Opptakskrav<br><br>**Admission Requirements** | Bachelorgrad med spesialisering i norrøn filologi, eller anna utdanning som gjev tilsvarande kvalifikasjonar.<br><br>Karakteren C eller betre i gjennomsnitt på dei emna som inngår i spesialiseringa.<br><br>Studentar som ønskjer å søkje opptak til masterprogram i norrøn filologi på anna grunnlag enn det som er oppgitt å vere godkjent spesialisering i norrøn filologi, bør søkje fakultetet om godkjenning på førehand, seinast innan 1. mai. Slike søknader må innehalde karakterutskrift/vitnemål, pensumliste og beskriving av dei emna søkjaren meiner skal erstatte ei ordinær spesialisering. Ei eventuell godkjenning må leggjast ved søknaden til masterprogrammet. | |
| Tilrådde forkunnskaper | - | |
| Læringsutbytte<br><br>**Learning Outcomes** | Ein kandidat med mastergrad i norrøn filologi frå Det humanistiske fakultetet ved Universitetet i Bergen skal<br><br>- ha brei allmennkunnskap innanfor den norrøne filologien og djuptgåande kunnskapar innanfor eit avgrensa felt av denne<br>- ha grunnleggjande kunnskap om vitskapleg teori, metode og etikk<br>- kjenne til sentrale problemstillingar innanfor fagområdet og den aktuelle debatten om dei<br>- kunne uttrykkje seg klart og velstrukturert om faglege emne, både skriftleg og munnleg<br>- kunne bruke aktuelle metodar til sjølvstendig forsking<br>- kunne granske kritisk eksisterande teoriar, metodar og forståingsrammer innanfor den norrøne filologien<br>- kunne halde fram med kompetanseutvikling og spesialisering på eiga hand<br>- kunne formidle innsikt i alle grunnleggjande delar av den norrøne filologien, både språklege og litterære emne<br>- kunne undervise og rettleie elevar, studentar og andre i norrøn filologi<br>- kunne kommunisere med spesialistar og allmenta om faglege problemstillingar frå norrøn filologi | |
| Innføringsemner | – | |
| Obligatoriske emner og spesialisering<br><br>**Compulsory Course Units and Spezialisation** | Mastergraden i norrøn filologi omfattar fem emne: tre spesialiserte kurs, ei prøveførelesing og ei masteroppgåve.<br><br>Desse emna er obligatoriske: | Sletta:<br>Mastergraden i norrøn filologi omfattar fem emne: prosjektførebuande emne, to spesialiserte kurs, ei prøveførelesing og ei masteroppgåve. |

| | | |
|---|---|---|
| | NOFI302 - Spesialisert emne i norrøn filologi, 15 stp.<br>NOFI304 - Spesialisert emne i norrøn filologi, 15 stp.<br>NOSP320 - Språkleg særemne, 15 stp. *eller* NOLI320 - Litterært særemne, 15 stp.<br>NOFI303 - Prøveførelesing i norrøn filologi, 15 stp.<br>NOFI350 - Masteroppgåve i norrøn filologi, 60 stp.<br><br>Etter søknad til instituttet kan emna NOFI302, NOFI304, NOLI320 og/eller NOSP320 skiftast ut med tilsvarande emne på same nivå. | Desse emna er obligatoriske:<br><br>NOLISP300 - Prosjektførebuande emne, 15 stp.<br>NOFI302 - Spesialisert emne i norrøn filologi, 15 stp.<br>NOFI304 - Spesialisert emne i norrøn filologi, 15 stp.<br>NOFI303 - Prøveførelesing i norrøn filologi, 15 stp.<br>NOFI350 - Masteroppgåve i norrøn filologi, 60 stp.<br><br>Etter søknad til instituttet kan emna NOFI302 og/eller NOFI304 skiftast ut med tilsvarande emne på same nivå. |
| Tilrådde valgemner | - | |
| Omfang av masteroppgave(Sp) | 60 studiepoeng | |
| Rekkefølge for emner i studiet<br><br>**Sequential Requirements** | Tilrådd progresjon:<br><br>1. semester:<br>NOFI302 - Spesialisert emne i norrøn filologi<br>NOFI350 - Masteroppgåve: Utvikling av emne og problemstilling<br><br>2. semester:<br>NOFI304 - Spesialisert emne i norrøn filologi<br>NOFI350 - Masteroppgåve: Empirisk og metodisk grunnlagsarbeid<br><br>3. semester:<br>NOSP320 eller NOLI320 eller tilsvarande emne etter søknad.<br>NOFI350 - Masteroppgåve: Første gongs gjennomskriving av dei enkelte kapitla | Tilrådd progresjon:<br><br>1. semester:<br>NOLISP300 - Prosjektførebuande emne<br>NOFI302 - Spesialisert emne i norrøn filologi<br><br>2. semester:<br>NOFI304 - Spesialisert emne i norrøn filologi (eventuelt LINGMET eller LITTEHF)<br>NOFI350 - Masteroppgåve: Empirisk og metodisk grunnlagsarbeid<br><br>3. semester:<br>NOFI350 - |

| | | |
|---|---|---|
| | 4. semester:<br>NOFI350 - Masteroppgåve: Revisjon og korrektur av oppgåva<br>NOFI303 - Prøveførelesing i norrøn filologi<br><br>Fordelinga av emne i dei tre første semestera kan endrast, men arbeidet med masteroppgåva må seinast ta til i det andre semesteret i masterprogrammet. | Masteroppgåve: Første gongs gjennomskriving av dei enkelte kapitla<br><br>4. semester:<br>NOFI303 - Prøveførelesing i norrøn filologi<br>NOFI350 - Masteroppgåve: Revisjon og korrektur av oppgåva |
| Delstudium i utlandet<br><br>**Study Period Abroad** | Det er mogleg å ta delar av studiet ved institusjonar i utlandet. Studierettleiaren hjelper til med å finne relevante studium og ordne utvekslingsavtaler. | |
| Undervisningsformer | Førelesingar og seminar med aktiv deltaking frå studentane. For arbeidet med masteroppgåva blir det gitt rettleiing. | |
| Vurderingsformer | Skriftlege og munnlege prøver, semesteroppgåve. Masteroppgåve og prøveførelesing. | |
| Karakterskala eller bestått/ikkje bestått | Karakterskala A–F. | |
| Krav til progresjon i studiet | Full studieprogresjon er 30 studiepoeng kvart semester. | |
| Undervisningsspråk<br>**Teaching Language** | Undervisningsspråket er norsk og i nokon grad dansk, svensk eller engelsk.<br><br>I sine skriftlege arbeid kan studentane bruke norsk, dansk, svensk, engelsk eller tysk. | Sletta:<br><br>Undervisningsspråket er norsk og i nokon grad dansk og svensk. |
| Oppnådd kompetanse for vidare studier | Studiet kan gje grunnlag for vidare ph.d.-utdanning i norrøn filologi. Dette krev gjennomgåande gode karakterar på studiet. | |
| Yrkesveier | Masterprogrammet i norrøn filologi vil kvalifisere for arbeid innanfor museums- og formidlingssektoren og forskingsinstitusjonar på høgare nivå. | |
| Oppstart<br><br>**Semester** | Haust.<br>Det kan bli aktuelt å ta opp studentar også til vårsemesteret. Ta kontakt med studierettleiar for informasjon. | |
| Evaluering<br><br>**Evaluation** | Evaluering av tilbodet vert gjennomført i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem. | |
| Autorisasjon<br>**Autorisation** | – | |
| Programansvarlig | Det humanistiske fakultetet, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium | |
| Administrativt ansvarlig (institutt/senter) | Det humanistiske fakultetet, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium | |

| | |
|---|---|
| | E-post: studierettleiar@lle.uib.no |

**Vedlegg 6: Emneplan for NOFI350**

Redaksjonell endring som følgje av at NOLISP300 går ut av MAHF-NOFI, SGS/OEH, LLE november 2012. Gjeldande frå hausten 2013.

| | |
|---|---|
| Emnekode | NOFI350 |
| Emnenamn, nynorsk | Norrøn filologi mastergradsoppgåve |
| Emnenamn, engelsk | Master thesis in Old Norse studies |
| Studiepoeng | 60 |
| Undervisningssemester | Både vår- og haustsemesteret. |
| Undervisningsspråk | Norsk. Dansk og svensk kan òg verte brukte i nokon grad. |
| Studienivå | Master |
| Krav til studierett | Opptak til masterstudiet i norrøn filologi. |
| Mål og innhald | Masteroppgåva skal skrivast om eit sjølvvalt emne som skal endeleg godkjennast av rettleiar. Oppgåva skal vere ei vitskapleg gransking basert på norrønt primærmateriale, men det er òg rom for å skrive forskingshistoriske arbeid. I oppgåva må studentane dokumentere evne til sjølvstendig, kritisk og metodisk arbeid og meistre den framstillings- og dokumentasjonsteknikken som høver for emnet.<br><br>Mastergradsoppgåva skal normalt ha eit omfang på 70-110 sider (om lag 20000-35000 ord). Ulike vedlegg kan kome i tillegg til dette sideomfanget. Slike vedlegg kan omfatte tabellar, korpusoversikter, avskrifter av primærkjelder og anna grunnlagsmateriale.<br><br>Avhandlinga skal skrivast på norsk (nynorsk eller bokmål), svensk eller dansk, eller på eit anna språk etter etter avtale med rettleiar. Eit stutt samandrag av innhaldet på norsk og engelsk (1-2 sider) skal takast med i oppgåva. Samandraget skal innehalde opplysningar om namnet på forfattaren og tittelen på oppgåva, kort presentasjon av emnet, kva materiale avhandlinga byggjer på (primærmateriale og eventuelt dei viktigaste sekundærkjeldene), problemstillingar og metode/tilnærmingsmåte, disposisjon av stoffet, og til slutt konklusjonen og resultatet som oppgåva legg |

| | | |
|---|---|---|
| | fram. | |
| Læringsutbyte/resultat | Studentane skal ha gjennomført, og skriftleg presentert resultatet av, eit sjølvstendig vitskapleg arbeid. Dei skal kunne gjere greie for, diskutere og vurdere teorigrunnlag, materialval og metode i dette arbeidet og relatere det til andre studiar i same forskingsfelt. | |
| Krav til forkunnskapar | - | Sletta: Problemstillinga eller prosjektet skal vere godkjent i det prosjektførebuande emnet (NOLISP300) før arbeidet tek til. |
| Tilrådde forkunnskapar | - | |
| Undervisning og omfang | Arbeidet med masteroppgåva skjer i nært samarbeid med ein fagleg rettleiar. Instituttet har utarbeidd ein særskilt kontrakt mellom student og rettleiar, der rettar og plikter for dei to partane er nærmare forklart. Denne kontrakten skal vere underteikna innan utgangen av det første semesteret. Både rettleiar og student må leggje vekt på at emnet og opplegget for masteroppgåva gjer det mogleg å fullføre arbeidet innanfor normert studietid. | |
| Obligatoriske arbeidskrav | Ingen. | |
| Vurderingsformer<br><br>(dvs. Eksamen) | Mastergradsstudiet blir avslutta med innleveringa av masteroppgåva. I det same semesteret må studenten også melde seg opp til og halde ei munnleg prøveførelesing, NOFI303.<br><br>Masteroppgåva skal leverast elektronisk i PDF-format på Mi side innan ein frist som kvart semester blir kunngjord der. Instituttet tek seg av å trykkje opp oppgåva til bruk for eksamenskommisjonen på grunnlag av den innleverte filen.<br><br>Kvart eksamensresultat i masterstudiet blir oppgjeve for seg i vitnemålet saman med namnet på emnet og kor mange studiepoeng det representerer.<br><br>Det vert ikkje halde nokon avsluttande munnleg eksamen, og det vert heller ikkje utrekna nokon samla karakter for masterfaget. | |
| Karakterskala | Det vert nytta bokstavkarakterar frå A til F, der F er stryk. | |

| | |
|---|---|
| Læremiddelomtale | |
| Undervisningsstad | Bergen. |
| Emneevaluering | Emneevalueringar vert gjennomførte i samsvar med kvalitetssikringssystemet ved UiB. |
| Kontaktinformasjon | Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium<br>E-post: studierettleiar@lle.uib.no |

| **UUI-sak 46/12** | **Møtedatoer for våren 2013** | |
|---|---|---|
| | | |

For våren planlegger vi to ordinære møter og et seminar. Dekanatet har varslet at de vil gå videre med endring i BA-strukturen (jfr. diskusjonssak ), og det vil derfor kunne bli nødvendig med et ad hoc-møte i løpet av våren.

Møter:
4. februar
(18. mars)
15. april – UUI-seminar
27. mai.

**UUI-sak 47/12: Eventuelt**

Hilde G. Corneliussen
*undervisningsleder*

Ranveig Lote
*studieleder*